

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.04.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Sølvi Lerfal  
**SAKA GJELD:** **Fagleg rapportering 2014**

**ARKIVSAK:** 2015/1740  
**STYRESAK:** **053/14**

**STYREMØTE:** **06.05. 2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar rapporten "Faglig rapportering 2014" til orientering.

## Oppsummering

*Faglig rapport 2014* er den årlege rapporten frå samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen som omhandlar alle forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Kompetansesenter for klinisk forskning i Helse Bergen HF som er sekretariat for Samarbeidsorganet.

Dei regionale, faglege rapportane<sup>1</sup> har tidlegare år inkludert data frå årsrapportane frå nasjonale tenester og regionale kompetansesentre. RHF-a er blitt samde om å utarbeide ein felles rapport for dei nasjonale tenestene, og rapporten vil bli lagt fram for styret i Helse Vest på eit seinare tidspunkt.

## Fakta

*Faglig rapport 2014* omhandlar data frå 325 årsrapportar frå prosjekt som hadde finansiering frå Helse Vest i 2014. Bidraga som inngår i rapporten vert samla inn gjennom RHF-a sitt felles elektronisk rapporteringssystem (eRapport). Det er i år 12. gong at Helse Vest presenterer ein fagleg rapport basert på data frå eRapport.

Rapporten tener fleire formål:

- 1) Den inngår som del av rapporteringsplikta til sentrale styresmakter (HOD/Helsedirektoratet)
- 2) Den er utgangspunkt for vurdering av behov for endringar og oppfølging i høve til mellom anna krav frå styresmaktene
- 3) Forskingsrapportane blir nytta til forskingsformidling, mellom anna gjennom Helse Vest sine nettsider og ved at rapportane er gjort tilgjengeleg for alle gjennom RHF-a sin forskingsportal.
- 4) Bidragsytarane til rapporten får noko tilbake for rapporteringsinnsatsen.

Dei regionale forskingsmidlane har ført til eit nasjonalt samarbeid med utgangspunkt i handteringa

av midlane. eForum vart oppretta for å ivareta søknads- og rapporteringssystema eRapport, eSøknad og eVurdering som er utvikla i Helse Vest og som no nyttast av alle regionale helseføretak, og som har utvikla seg til å bli ein arena der ein utvekslar idear og røynsle utover det som angår sjølve systema. Data frå systema inngår no også i nasjonale rapportar.

---

<sup>1</sup> Alle faglege rapportar med regionale data er samle på nettsida: <http://www.helse-vest.no/no/FagOgSamarbeid/forskning/Sider/Forskingsprosjekt.aspx>

Rapporten vert med dette framlagt for styret i Helse Vest RHF.

## Kommentarar

Prosjekta har rapportert forskingsproduksjon i form av vitenskaplege artiklar og avlagte doktorgrader. Det er også gitt informasjon om bruken av helseopplysningar og humant biologisk materiale (Godkjenning frå Regional etisk komité for forskning), samt bruk av forsøksdyr. Prosjektleiarane har gitt informasjon om helsekategori, type forskingsaktivitet, involvering av brukarar i forskinga, om prosjektet er ein klinisk intervensjonsstudie, om det vert nytta data frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre, om prosjektet er knytt til ein nasjonal teneste eller eit regionalt kompetansesenter, og om prosjektet omfattar data frå fleire tenestenivå (samhandling).

Alle prosjekta samanfattar tekstleg dei viktigaste forskingsresultata i 2014 (årsrapportar) eller ein overordna vurdering av heile prosjektperioden (sluttrapportar). Ved sluttrapportering skal forskarane svare på om prosjektet har ført til innovasjon, og desse opplysningane kan samstillast med opplysningar frå opphavleg søknad der søker vurderte prosjektet sitt innovasjonspotensial.

Frå side 23 i rapporten er alle prosjekta som har rapportert, lista opp. Rapportane er tilgjengeleg på RHF-a sin forskingsportal <https://forskningsprosjekter.ihelse.net/>. Om ein er interessert i ein enkelt rapport, er det enklast å søke på prosjektnummer.

På bakgrunn av fokus på brukarmedverknad i forskning, fekk forskarane spørsmål om brukarar har vore involvert i ulike fasar av prosjektet. Nærare 30 % av prosjekta (95 prosjekt) svarar bekreftande på spørsmålet:

**Tabell 1 Prosjekt med brukarmedverknad 2014**

Type brukarmedverknad	Tal på prosjekt
<b>Brukarar har deltatt i fleire fasar av prosjektet</b>	36
<b>Brukarar har deltatt i gjennomføring av prosjektet</b>	30
<b>Brukarar har deltatt i planlegging av prosjektet</b>	23
<b>Brukarar har deltatt i formidling av forskingsresultata</b>	6

Tala for rapporteringa er eit utgangspunkt for det vidare arbeidet med brukarmedverknad, som vil ta utgangspunkt i forslaga til retningslinjer som no er til handsaming i RHF-a.

Samhandlingsforskning er forskning som skal styrke kunnskapsgrunnlaget for samhandling mellom tenestenivå slik at pasientbehandling kan skje med høg kvalitet, sikkerhet, god ressursutnytting og organisering. Dei seinare åra har forskarane gjennom eRapport hatt høve

til å klassifisere prosjektet som samhandlingsforskning, men da som val mellom fleire nasjonale satsingsområde. Ved årets rapportering blei det satt eit særskilt fokus på samhandlingsforskning for å fange opp alle prosjekt som driv samhandlingsforskning i ein eller anna grad.

43 forskarar (14 %) har meldt at prosjektet omfattar data frå fleire tenestenivå. Tabellen under gir ein oversikt over kva type samhandlingsforskning dette er.

**Tabell 2 Forsking på samhandling 2014**

Samhandlingsforskning	Prosjekt	Midlar (mill.)
<b>Forsking på samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta</b>	5,5 %	8,9
<b>Forsking som nyttar data frå både primær- og spesialisthelsetenesta</b>	7,7 %	14,7

I fjorårets rapport hadde i overkant av 3 % av forskarane (ansvarleg for vel 6 millionar kroner) kryssa av for samhandlingsforskning. Tabellen for 2014 viser at rapporteringa for 2014 har fanga opp fleire prosjekt som i utgangspunktet har eit anna hovudfokus, men som også driv samhandlingsforskning.

I tabellen under er lista fleire nøkkeltal frå rapportane.

**Tabell 3 Andre nøkkeltal 2014**

Tilgjengelege midlar for dei 325 prosjekta (tildelte midlar 2014 og overførte midlar frå 2013)	194,6 millionar kroner
Talet på deltakarar i prosjekta	1103 forskjellige personar
Eldste og yngste deltakar	79 år og 22 år
Talet på rapporterte vitenskaplege publikasjonar	457 forskjellige artiklar
Talet på rapporterte avlagte doktorgradar	36 forskjellige doktorgrader
Dei 3 største helsekategoriane målt i tilgjengelege midlar	- Mental Health, 40.1 mill. - Cancer, 39.1 mill. - Neurological, 20.5 mill.
Prosjekt som utgår frå ei nasjonal teneste eller regionalt kompetansesenter	65 prosjekt, (20 %)
Prosjekt som nyttar data frå nasjonale registre	29 prosjekt, (9 %)
Prosjekt som forskar på menneske og helseopplysningar	256 prosjekt, (79 %)
Tal på forskarar som har påskjøningsmidlar for bidrag til forskarutdanning i regionen	145 forskarar

## **Konklusjon**

Det blir tilrådd at rapporten blir tatt til orientering.

Vedlegg:  
Rapport – Faglig rapportering 2014